



PLAN FOR EIT INKLUDERANDE BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ 2018-2020

<p><i>BAKGRUNN:</i></p>	<p>Stord kommune deltek saman med FOS-kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad og Sveio i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» - pulje 2.</p>
<p>1. <i>UTVIKLINGSOMRÅDE OG INNHOLD:</i></p>	<p>Utgangspunktet for arbeidet er Stord kommune sitt strategidokument for ein inkluderande barnehage- og skule og desse kjernekomponentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikla og oppretthalda gode og trygge barnehage- og skulemiljø, der alle barn og unge trivst og opplever tilhøyre • førebyggja, avdekka og handtera mobbing og andre krenkingar • organisasjon og leiing, generell regelvervskompetanse og tverrfagleg samarbeid, samt einingane sine eigne mål og satsingsområde. <p>Alle har lest teori og bakgrunnsdokument for satsinga, og utarbeidd ei SWOT-analyse/ståstadanalyse som utgangspunktet for eininga sine mål og satsingsområde våren 2018.</p> <p>SWOT-analysen/ståstadanalysen er grunnlag for no-analysen som består av følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 3 styrkar • 3 utfordringar • 3 framlegg til kjernekomponentar <p>Kvar barnehage og skule skal utarbeida ein implementeringsplan for eitt år om gongen. Felles kjernekomponent for alle vert hausten 2018: Felles temaforståing. Dei 2 andre kjernekomponentane vil einingane velja sjølv ut frå no-analysen sin.</p>

	<p>Modell implementeringsplan:</p> <table border="1" data-bbox="678 266 2047 580"> <thead> <tr> <th data-bbox="678 266 880 320">Kva</th> <th data-bbox="880 266 1167 320">Dato / tidspunkt</th> <th data-bbox="1167 266 1532 320">Teori</th> <th data-bbox="1532 266 1800 320">Ansvarleg</th> <th data-bbox="1800 266 2047 320">Deltakarar</th> </tr> </thead> <tbody> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> <tr><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td><td> </td></tr> </tbody> </table>	Kva	Dato / tidspunkt	Teori	Ansvarleg	Deltakarar																														
Kva	Dato / tidspunkt	Teori	Ansvarleg	Deltakarar																																
<p>2. <i>MÅL:</i></p>	<p><i>Ein inkluderande barnehage og skule som hindrar utanforskap og som bidreg til læring, utvikling og livsmeistring.</i></p> <p>Utviklingsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Alle tilsette i barnehage og skule skal forstå mekanismane som fører til at barn og elevar opplever utestenging/utanforskap og mobbing. • Alle einingar skal få auka kompetanse i å førebyggja krenking og mobbing. • Alle tilsette skal få auka kompetanse i å avdekka krenking og mobbing. • Alle einingar skal få auka kompetanse i å setja inn tiltak: <ul style="list-style-type: none"> ○ Universelle: retta mot alle ○ Selekterte: mot spesielle risikogrupper ○ Indikerte: sterke tiltak i krevjande saker <p>No-analysen til den enkelte eininga skal danne grunnlaget for utviklingsmåla/kjernekomponentane deira. Leiarane skal arbeida med mål og tiltak gjennom lærande møte og sikra brei forankring og eigarskap til arbeidet blant dei tilsette. Det skal setjast av rikeleg med tid til dette.</p> <p>I arbeidet med å nå måla må ein ha fokus på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Motivasjon hjå den enkelte • Lojalitet hjå den enkelte 																																			

	<ul style="list-style-type: none"> • Meining for den enkelte • Eigarskap hjå den enkelte • Tidsbruk <p>Kommunen sine to ressurspersonar skal vera tilgjengelege for einingane, og dei skal delta på personalmøte/fellestid og andre aktuelle møte.</p> <p>Ressurspersonane skal ha ansvar for at kommunen har ein felles database der einingane kan finna idear og inspirasjon til teorigrunnlag dei kan bruka i samband med arbeidet med kjernekomponentane . Dei skal også kjøpa inn relevant litteratur og setja seg inn i kva teorigrunnlag som kan nyttast i einingane.</p>
<p>3. <i>ORGANISERING OG FORANKRING AV ARBEIDET:</i></p>	<p>Prosjektet er ei felles satsings for dei seks FOS kommunane, og dagleg leiar er ein viktig ressursperson for kommunane.</p> <p>Stord kommune starta 1.1.2017 eit arbeid med å utvikla ein strategi for ein inkluderande barnehage- og skule ut frå eit mandat frå kommunestyret. Alle leiarane i område oppvekst har gjennom møte på leiarnivå vore med i ein prosess med å skapa eit felles språk og ei felles forståing for kva som ligg i det å vera ein inkluderande barnehage, skule og SFO. Kommunen fekk skjønsmidlar frå fylket til dette utviklingsarbeidet, og UiS, ved Pål Roland, var fagleg rettleiar/rådgjevar. Fitjar kommune var referansekommune, og ein viktig samarbeidspartnar. To vidaregåande skular var også med i arbeidet. Satsinga Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø er sentralt i implementeringa av strategien i einingane.</p> <p>Alle barnehagane, skulane og kulturskulen i kommunen er med i satsinga.</p> <p>Ressurspersonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ragnhild Storebø – barnehagefagleg rådgjevar • Trude Aamot – skulefagleg rådgjevar (til 1. august 2018) • Siri Marie Erland – skulefagleg rådgjevar (frå 1. oktober 2018) <p>Det er etablert ei ressursgruppe som består av personar frå ulike einingar og tenester. Denne gruppa skal vera med på nasjonale samlingar og elles vera med å forankra prosjektet i dei ulike tenestene i kommunen.</p>

	<p>Utdanningsforbundet er også representert her. Hjelpetenestene skal heile tida vera oppdaterte på framdrifta i arbeidet, både på leiarnivå og gjennom deltaking i fasttid /BTI-møte ute i einingane.</p> <p>Barn, elevar og foreldre skal involverast i utviklingsarbeidet så tidleg som råd, men seinast hausten 2018.</p> <p>I barnehagane skal dette sikrast gjennom foreldremøte som legg opp til aktiv deltaking frå foreldra og gjennom samtalar med fire- og femåringane. For dei yngste barna vert dei vaksne sin observasjon og samhandling med foreldra særleg viktig i høve deira involvering.</p> <p>På skulane skal foreldremøte og klassemøte sikra aktiv deltaking frå foreldre og elevar. Temaet skal vera oppe i elevråd/FAU/skulemiljøutval/samarbeidsutval minst ein gong i halvåret. Stord ungdomsråd vil også bli trekte inn i satsinga.</p>
<p>4. <i>GJENNOMFØRING AV KOMPETANSE-UTVIKLINGA:</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • På einingsnivå gjennom lærande møte • I felles leiarmøte for område oppvekst • Nettverk på tvers av barnehagar, skular og SFO • Nettverksmøte for kommunane i FOS • NLA er eksternt kompetansemiljø for FOS (skule) • Regionale og nasjonale samlingar • Felles fagdagar for tilsette i barnehage, skule og SFO med mellom anna Pål Roland • Den enkelte eining sine implementeringsplanar • Kommunal handlingsplan
<p>5. <i>ANDRE TILTAK:</i></p>	<p>MOT : Skulen som samfunnsbyggjar - Ungdomsskulane Språkkommune : Barnehagar og skular + fagavdeling oppvekst og utdanning Overgangsplanar: barnehage - skule/SFO, barnetrinn- ungdomstrinn og ungdomstrinn – vidaregåande skule</p>
<p>6. <i>FINANSIERING:</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Sentrale kompetansemidlar barnehage 2018 • Desentraliserte kompetansemidlar (skule) • Skjønsmidlar frå fylkesmannen i Hordaland • Kommunale midlar • Prosjektmidlar frå Udir

7. *UTFORDRINGAR OG
MOGELEGHEITER:*

Utfordringar:

- Ressurspersonane har nok tid til å følgja opp kvar enkelt eining
- Ressurspersonane har nok tid til oppfølging og hjelp i einingar som ber om hjelp
- Sikra god forankring i SFO - det kan verta vanskeleg å setja av nok tid der alle tilsette er med

Mogelegheiter:

- Skapa ein felles retning for arbeidet med gode barnehage- og skulemiljø
- Skapa eit felles språk og felles forståing for kva det vil seia å ha eit inkluderande barnehage- og skulemiljø, og forståing for kva som vert forventa av dei tilsette
- Utvikla eit autoritativt klima i einingane
- Setja barn og unge i stand til å skapa gode relasjonar seg i mellom.
- Tettare og betre samhandling med føresette
- Betre læringsmiljø
- Meir barne- og elevmedverknad
- Redusera talet på mobbesaker.
- Betre tverrfagleg forståing for kvarandre sine roller og betre samhandling i konkrete saker.